Voss herad

# Evanger skule

*Visjon - Evanger skule ein god stad å læra og ein god stad å vera.*



## Dagens organisering




*1 Kjelde: SSB og Udir*

| **Skuleår** | **14/15** | **24/25** | **30/31** | **45/46** | **Endring** |
|---|---|---|---|---|---|
| **Elevtal** | 53 | 54 | 46 | 33 | -38,9% |
| **Kapasitet** | Normal: 97 | | Maks: 108 | | |
| **Kapasitetsutnytting av normal kapasitet** | | 56% | 47% | 34% | |
| **Gjennomsnitt klassestorleik** | 7,5 | 7,7 | 6,6 | 4,7 | |
| **Gruppestørrelse 1. – 4. trinn (Norm 15)** | 12,37 | 11,80 | | | |
| **Gruppestørrelse 5. – 7. trinn (Norm 20)** | 11,77 | 21 | | | |
| **Tal barn i SFO** | 26 (12 barn har 100% plass) | | | | |

*Endring er mellom elevtala i 2024/25 og dei framskrivne elevtal i 2045 (i prosent)*

## Bemanning

| | |
|---|---|
| **Årsverk leiarressurs** | 100% |
| **Årsverk lærarressurs** | 630% |
| **Median alder, tilsette** | 42 |

| | |
|---|---|
| **Kompetansebehov – Kva manglar me?** | Praktisk estetiske fag<br>Norsk - begynnaropplæringa |

## Økonomi

| | |
|---|---|
| Rekneskap 2023 | 7 004 418,- |
| Rekneskap 2024 | 8 176 544,- |
| Budsjett 2024 | 7 108 627,- |
| Budsjett 2024, utan SFO | 6 447 118,- |
| Rekneskap 2024, utan SFO | 7 666 781,- |




*Gjennomsnitts kostnad per elev eks. SFO, i 2024 (For skular som eit eller fleire barn med omfattande hjelpebehov er det gjort eit fråtrekk på 300 000,- per barn).*

## Bygningsmasse

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Byggjeår** | 1962 | | |
| **Bruksareal** | 1150 m$^2$ | | |
| | Teknisk tilstand | Funksjonelt eigna | Tilpassingsdyktig |
| | | | |

*Fargekodane er henta frå tabell 3-3  rapport frå Multiconsult: Barnehage- og skolebruksplan Voss herad*

## Andre tilhøve

| | |
|---|---|
| Avstand til Vossevangen | 19,4 km. |
| Avstand til Bulken skule | 13,1 km. |
| Tilhøve ved skulevegen | Lokalisert i Evanger sentrum. Skuleåret 2024/2025 hadde 46% skuleskyss |
| Særlege tilhøve ved skulen | Praktisk læring på Evanger:<br>- Skulen har ein gapahuk, kring 1,5 km frå skulen. Grunneigar har bygd opp område og gapahuken slik at elevane kan nytta området. Der er dei minimum ein dag i veka.<br>- Skulehage, Del av skulehagen er på skuleplassen i tillegg er det eit samarbeid med indremisjonen, som er nabo. Råvarer som vert dyrka i skulehagen vert vidare nytta i mat og helse-faget.<br>- Sløydsal, ligg i heradshuset, kring 100 m. frå skulen.<br>- Timeplanfesta leik- og læring for 1. og 2. trinn.<br>- Øvrige trinn har «Tenkande klasserom», som handlar om samarbeidslæring i matte. |

| | |
|---|---|
| | - Korps i skulen, samarbeid med kulturskulen<br>- Aktiv læring, arbeidar for praktisk undervisning også i andre fag, innanfor klasseromsveggane. |

## Tilbod og utvikling i skulekrinsen

| | |
|---|---|
| Barnehagar i skulekrinsen | Bolstad- og Evanger barnehage |
| Tilknyting til andre tenester | |
| Bustad og næring | Ligg i sentrum av Evanger, tett knytt opp mot bustad og næring. |

## Kartutsnitt skulekrins




# Eit utdrag av tilbakemelding frå elevar, foreldre og tilsette

## Innspel frå elevrådet

Korleis hadde de vore for dykk å bli slått saman med ein annan skule, eller byrja på ein ny og større skule?

| Fordelar | Ulemper |
|---|---|
| • Større skule med fleire elevar<br>• Fleire folk å vera med og me hadde fått fleire vennar | • Me får det kanskje ikkje like bra<br>• Kanskje det vert meir «drama»<br>• Det tar tid å bli trygg/ kjent med nye elevar og vaksne |

| | |
|---|---|
| • Med fleire elevar og lærarar får me moglegheit til å lære nye fag<br>• Når me møter nye elevar kan me læra av andre sine kulturar<br>• Fleire som har same interesser<br>• Mange å leika med = Betre skulemiljø<br>• Me kan få mannlege lærarar<br>• Færre skulebygg er billigare i drift<br>• Det vert fleire vaksne på trinnet | • Nesten alle må ta buss eller tog kvar dag<br>• Kanskje det vert meir bråk og uro<br>• Kortare friminutt<br>• Me må venta lenger før me får hjelp<br>• Det vert mange å huske namnet på<br>• Det vert lenger reiseveg for nokre<br>• Utgifter til oppussing<br>• At me kanskje vert delt i ulike klassar |

## Det pedagogiske og organisatoriske tilbodet

### Dette er med nøgde med

- Gode moglegheiter til uteskule
- Liten skule der alle kjenner kvarandre. Elevane har leikegrupper og lærer å ta omsyn til kvarandre
- Stor forbetring frå tidlegare år med tanke på oppfølging av skule-heim samarbeid og fagleg nivå på lærarane
- SFO

### Forbetringsområde

- Skuleplassen
- Materiale til kroppsøving

## FAU om skulen sin plass i lokalsamfunnet

- Kortare reiseveg, og dermed meir tid med borna på ettermiddagen
- Tilhøyra for lokalsamfunnet og ein møtestad for barn, foreldre og sambygdingar

## FAU om skulekvardagen til elevane

Det viktigaste for foreldra er

- At barna kjenner seg trygge, har det godt på skulen og kjenner at dei har lyst å vere der.
- At det er eit positivt læringsmiljø med nok kvalifiserte vaksne.

## FAU om fordelar og ulemper ved strukturendringar

| Fordelar | Ulemper |
|---|---|
| • Kan vera positivt med eit større miljø på Evanger, slik at ein får ein klasse per trinn<br>• Fleire elevar kan gje ein betre dynamikk i elevgruppa<br>• Elevane vert meir kjent på tvers av grender | • Kan vera negativt med eit større miljø, for enkelte elevar<br>• Lenger køyreveg dersom skulen ikkje ligg på Evanger<br>• Utrygg køyreveg, på E16<br>• Mindre skular gjer det ofte betre på kartleggingar seinare i skuleløpet |

| | |
|---|---|
| • Om det kjem fleire elevar til Evanger kan skulebygget få høgare prioritet i høve vedlikehald | |

## FAU om uro ved endring av skulestrukturen og deira viktigast bodskap

Viktig for veksten i lokalmiljøet at det er ein skule på Evanger, med kapasitet til å ta inn fleire born.